

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

---

Dato	07.02.2022
Vår referanse	2022/333-12
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Solveig Lohne Rongved
E-post	Solveig.Lohne.Rongved@vlfk.no
Telefon	48994921

## Reguleringsplan - gnr 14 bnr 106 - Hosteland Vest - Masfjorden kommune - Ettersending av uttale frå Bergens sjøfartsmuseum

Me viser til vårt brev datert 3.2.2022 med fråsegn til oppstart og planprogram for reguleringsplan gnr 14 bnr 106 – Hosteland Vest – Masfjorden kommune.

Som det kjem fram av vårt brev vart saka lagt fram for Bergens sjøfartsmuseum for vurdering av omsynet til marine kulturminne, og uttale frå museet ville verte ettersendt. Bergens sjøfartsmuseum har følgjande uttale i saka:

**Vedr. Reguleringsplan - gnr 14 bnr 106 - Hosteland Vest - Masfjorden kommune. Forholdet til marine kulturminne - Varsel om krav om marinarknologiske registreringar.**

Me viser til e-post motteke 24.01.2022.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld reguleringsplan for gbnr 14/106, Hosteland Vest. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Tiltaksområdet ligger derimot i et prioritert område for marine kulturminne. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderar me derfor for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum varslar at me som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet når saka kjem på offentleg ettersyn. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Med helsing

**Solveig Lohne Rongved**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*